

Val 2009

I år er det val til Stortinget og Sametinget. Valdagen er fastsett til måndag 14. september.

Førehandsrøysting

Du kan førehandsrøyste i perioden 10.08. - 11.09. på rådhuset.

Opningstider: Måndag, tysdag, onsdag og fredag frå kl. 9 - 15. Torsdag frå kl. 9 - 18.

Dersom du ikkje kan kome til vallokalet på grunn av sjukdom, kan du ta kontakt med kommunen for å få røyste heime. Søknad om å få røyste heime må vere valstyret i hende innan 08.09. kl. 15.00.

Onsdag 09.09. frå kl. 9 til 13 vert det høve til å røyste på Skodje omsorgs-senter. Alle veljarar kan røyste her, både bebuarane, personale og andre veljarar.

På valdagen har vallokala slike opningstider:

- Rådhuset kl. 09 - 20
- Valle skule kl. 12 - 20
- Brusdal skule kl. 15 - 20
- Engeset skule kl. 15 - 20
- Glomset skule kl. 15 - 20
- Stette skule kl. 15 - 20
- Utvikbygda grendahus kl. 15 - 20



VAL

Svineinfluensa

Sidan få eller ingen i befolkninga har immunitet mot denne nye influensaen, vil langt fleire verte sjuke denne gongen enn i ein normal influensa-sesong. Berre dei som har hatt influensa i perioden 1918 – 1957 kan ha ein viss immunitet mot svineinfluensa, dvs. at mange i den eldre del av befolkninga får ein mildare influensa, eller dei får den ikkje i det heile. Personar over 65 år reknast difor ikkje som generell risikogruppe ved denne influensaen, men om dei først vert sjuke, er dei meir utsett for komplikasjonar.

Denne svineinfluensaen er for dei fleste litt mildare enn ein vanleg sesonginfluensa når det gjeld symptoma sin intensitet. Symptom på influensa kan vere feber, kroppssverk, hoste, vond hals, hovudverk, frysningar, trøyttleik, oppkast og diaré. Feber og kroppssverk er dei viktigaste symptoma. Dette er ein influensa med lågare dødelegheit enn ein vanleg sesong-influensa. Likevel med fleire sjuke og fleire dødsfall, fordi dette er eit nytt virus og mange vert råka.

Ein reknar med at 30 % kan verte sjuke i løpet av den første bølga av epidemien, mot 5-10 % ved ein vanleg sesonginfluensa. Opptil 25 % kan verte sjukmelde samstundes (medrekna dei som er sjukmelde frå før). Det kan bli ei utfordring å halde alle dei naudsynte hjula i gang i samfunnet.

Mange spør om helsestyresmaktene krisemaksimerer i denne situasjonen. Talet på influensasjuka og for sengeliggjande og sjukmelde er berekna ut i frå øvre skikt av det som er sannsynleg, altså ikkje ut i frå det ein helst trur kjem til å hende. Situasjonen vil kunne vere ganske ulik frå stad til stad, og difor må alle planleggje ut i frå dei tala som er oppgitt.

Det er eit overordna mål å forseinke smittespreiinga inntil ein får vaksinen i månads-skiftet september/oktober. Då vil ein kan hende få tid til å vaksinere dei utsatte risikogrubbene, men heile befolkninga vil deretter få tilbod om vaksine. Vaksine mot svineinfluensa blir gitt i to dosar med minst 3 veker mellom kvar dose. Den vanlege vaksinen mot sesong-influensa kjem som normalt i september/oktober. Svineinfluensa-vaksinen er inga erstatning for denne.

Om spreinga av svineinfluensa kan bremsast til vi rekk å vaksinere, og mange nok tek vaksinen, kan det hende dette går betre enn det ein trudde tidlegare.

I tillegg til at vaksinen hindrar sjukdom hos kvar ein skild som tek ho, er det slik at di fleire som tek vaksinen di meir effektivt vert smitten stoppa.

Det har vore diskutert kor trygg denne vaksinen er. Ein har erfaring frå fleire tiår med produksjon av liknande vaksine, og det er svært liten grunn til å tru at denne vil vere annleis.

I starten av epidemien ønskjer vi på Skodje helsesenter å få melding om dei som er sjuke, inntil vi ser korleis epidemien utviklar seg. Men når epidemien er her for fullt, treng vi ikkje slik melding lenger. Om ein treng legehjelp er det viktig å ringe og avtale tid på førehand, og ikkje berre møte opp på kontoret. Vi vil så langt som mogeleg prøve å skilje dei influensasjuka frå dei andre pasientane.

Svineinfluensa - status pr. 28.08.09:

Tilfelle av influensaliknande sjukdom var stabilt i veke 31-33, og svakt aukande i veke 34 utan at ein har definert at ein er i veke 1 av epidemien enno. Ein reknar med at ein influensaepidemi er på topp i den sjette veka. Berre under 10 % av laboratorietestane er positive for influensavirus. Truleg er andre infeksjonar årsak til symptoma hos mange av pasientane. I Skodje har vi til no ingen laboratoriestadfesta tilfelle, men om lag 6-8 sannsynlege tilfelle.

Samla tyder likevel data på at influensaviruset no har etablert seg i Noreg. Ein ventar framleis sporadiske tilfelle og lokale utbrot. Vi veit ikkje om ei slik eventuell auke då innevarslar hovudbølga eller berre ei første, mindre bølge av epidemien.

Meir og stadig oppdatert informasjon om svineinfluensa finn ein på www.pandemi.no

Lars Lona

Kommuneoverlege / smittevernlege

NAV Storfjorden, Skodje opnar 17. september

Besøksadresse: Ådalsbakken 1 (Skodje kjøpesenter).

Opningstid: Kl. 09.00-15.00 - måndag, onsdag, torsdag og fredag.

Postadresse: Postboks 10, 6263 Skodje.

Tlf. og epost: 74 73 38 00 (kl. 08.30-15.00) / nav.storfjorden@nav.no

Alle husstandar vil om kort tid motta ein brosjyre med meir informasjon om NAV Storfjorden.

Litt av kvart

Helgastillingar

Er du glad i å arbeide med menneske? Kanskje er du skuleelev, heimearbeidande eller student som vil arbeide litt ved sida av? Ved Prestemarka bu- og dagtilbod har vi ledige helgastillingar, og kan ønske deg velkommen til eit triveleg miljø og spennande utfordringar.

Vi søker deg som er over 18 år, er ansvarsmedviten og har hjartet på rette staden. Arbeidet vil vere i bustader for utviklingshemma. Det kan vere mogleg å arbeide som sjukevikar i tillegg.

Send søknad til Skodje kommune, Prestemarka bu- og dagtilbod, 6260 Skodje. Søknadsskjema og meir informasjon om Prestemarka finn du på Skodje kommune si nettside.

Brøyting

Kommunal brøyting av private vegar i 2009/2010.

Dei som ønskjer å få sin private veg brøyt av Skodje kommune, kan søkje kommunen om dette innan den 25.09.09.

Vegane skal vere over 50 m og ha snuplass i ende av veg.

Søknadsskjema får ein på servicekontoret, eller kommunen si nettside.

Renovasjon

Skodje kommune har fått melding frå renovatøren at ein del dunkar er overfylte. Vi viser til retningsliner for oppbevaring og innsamling av avfall i Skodje kommune, § 9: «Dunken skal ikkje fyllast slik at loket ikkje tettar.»

- Det er høve til å kjøpe ekstra sekkar.
- Det er òg høve til å få større dunk.

Neste Kommunenytt

Neste Kommunenytt kjem ut ca. 11. desember. Frist for innlevering av stoff til dette nummeret er 3. desember.

Bruvandring

Velkommen til bruvandring søndag 13. september

Den nasjonale markeringa av kulturminneåret 2009 tek mål av seg til å bringe mangfaldet av kulturminne fram i lyset og synleggjere at det å jobbe med kulturvern og kulturformidling har ein verdi i seg sjølv.

Kulturminnevandringa er eit samarbeid mellom Skodje kommune, Statens vegvesen, frivillige lag, organisasjonar og privatpersonar.

I Skodje har vi ønskt å setje eit hovudfokus på bruene i kommunen vår. Gjennom ei bruvandring vil vi sjå nærare på desse byggverka. Ressurspersonar vil løfte fram både det konstruksjonstekniske perspektivet og bruene som ein del av tidlegare ferdsselsårer.

12.30: Straumsbrua
v/Øystein Strømsvik og Geirmund Nordal.
Sal av kaffi og noko å bite i.

14.00: Kvelvingsbrua i Vågen
v/LeifAbelvik

15.00: Kvelvingsbrua i Engesetdal
v/Petter Arne Ekroll og Reidulf Erstad

Vi oppmodar alle til å ta bein eller sykkel fatt til ei eller fleire av bruene denne dagen!



Dette skjer



I år arrangerer Skodje skulekorps SkodjeDagane på området til barne- og ungdomsskulen 19. og 20. september.

Program

Den årlege kunstutstillinga vil, saman med messe-stands ute og inne, gjere SkodjeDagane 2009 verdt å oppsøkje.

Vi har:

- Kafé og kiosk
- Loppemarknad
- Tombola og lykkehjul

Ordførar Modolf Hareide vil stå for opninga av SkodjeDagane. Det vert underhaldning i Fjord Cadenza-teltet, med bl.a. Skodje skulekorps, Skodje blandakor og barnekoret Jubalo.

Politiet har lagt årets hittegodsauksjon til Skodje denne helga.

Det vert eit stort mangfald av aktivitetar for borna, der ein kan nemne eventyrstund, og høve til å sjå brannbilen på nært hald.

Lopper

I samband med SkodjeDagane vert det i år loppemarknad på barneskulen. Om du har gjenstandar du ikkje lenger har bruk for, men som andre kan ha glede og nytte av, tar vi gjerne i mot desse.

Det er mykje som passar på ein loppemarknad: Koppar og kar, sportsutstyr, bøker, teikneseriar, småmøblar, veggpynt osv.

Større møblar, kvite- og brunevarer og klede kan vi diverre ikkje ta i mot.

Loppene kan leverast direkte på barneskulen fredag 18. september mellom kl. 18 og 20.

Treng du hjelp til transport kan dette avtalast ei veke på førehand med

Kjell Arne Moe, tlf. 977 09 353 eller Odd K. Enebakk, tlf. 952 21 004

"Kommunenytt" er utgitt av Skodje kommune, og blir distribuert til: Alle husstandar, handlande og kontor i Skodje, kommunale avdelingar og Ålesundsregionens utviklingskontor. Redaksjon og layout: Knut Berg. Ansvarleg redaktør: rådmann Kjell Bjørdal.



SKODJE KOMMUNE

6260 SKODJE | 70 24 40 00 | Beredskapstlf. teknisk: 99 29 66 35
postmottak@skodje.kommune.no | www.skodje.kommune.no